

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I Innkalling til møte i kontrollutval - Solund kommune

Utval: Kontrollutval - Solund kommune
Møtedato: 18.01.2012
Møtetid: 11.00
Stad: Møterommet i Bankbygget.
Møtenr.: 1/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet
Melding til: Ordførar(møterett), revisor(møterett) og varamedlemer.
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- Sak 01/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Sak 02/12 Skriv og meldingar.
- Sak 03/12 Opplæring.
- Sak 04/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.
- Sak 05/12 Møteplan 2012.
- Sak 06/12 Overordna analyse
- Sak 07/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Solund.
- Sak 08/12 Eventuelt.

Hardbakke 09.01.2012

Rune Steinsund (s)
Leiar


Asgeir Tveit
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat
Dato: 06.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.01.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat
Dato: 06.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.01.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-12 Vedtak kommunestyresak 059/11 «Val av kontrollutval for perioden 2011 – 2015».
- SM 02-12 Vedtak kommunestyresak 076/11 «Kvartalsrapport for 3. kvartal»
- SM 03-12 Brev frå KRYSS-revisjon til Solund kommune om attendebetaling avrekna revisjonshonorar 2010, datert 24.11.2011.
- SM 04-12 Forvaltningsrevisjonsrapport «NGIR selskapskontroll – Sjølvkost, datert september 2011.
- SM 05-12 Vedtak kommunestyresak 024/11 (fmsk sak 039/11) Skriv og meldingar. Vedrørande kontrollutvalsak 009/11 Orientering utlån.
- SM 06-12 Status frå KRYSS-revisjon vedrørande forvaltningsrevisjonsprosjekt. (Vert ettersendt/ levert ut på møtet).

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

15.12.2011 KOMMUNESTYRE

FRAMLEGG FRÅ SP V/GUNN ÅMDAL MONGSTAD:

Representantar kontrollutval 2011 – 2015;

Leiar: Rune Steinsund

Nestleiar: Heidi Sanden

Medlem: Steinar Krakhellen

Vararepresentantar kontrollutval 2011 – 2015;

1. Bjarte Engevik
2. May-Britt Tangenes
3. Hans I Steinsund

Votering:

SP sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KOM-059/11 VEDTAK:

Representantar kontrollutval 2011 – 2015;

Leiar: Rune Steinsund

Nestleiar: Heidi Sanden

Medlem: Steinar Krakhellen

Vararepresentantar kontrollutval 2011 – 2015;

4. Bjarte Engevik
5. May-Britt Tangenes
6. Hans I Steinsund

Eg kan elles nemne at det vert folkevaldopplæring for kommunestyret 24.-25.januar, og kontrollutvalet er velkomne til å delta på denne.

Med beste helsing,

Ole Gunnar Krakhellen

Ordførar

Tlf. 57786206/92648081

www.solund.kommune.no

Fra: Tveit Asgeir

Sendt: 7. desember 2011 10:32


Til: Krakhellen Ole Gunnar

Emne: Kontrollutvals Solund

Vi viser til samtale Krakhellen/Tveit tidlegare i haust. Er det noko nytt vedrørande val av kontrollutval?

Med helsing

SM01-12



SMO2-12

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	071/11	03.11.2011	IRESAN
KOMMUNESTYRE	076/11	15.12.2011	IRESAN

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 11/228
---------------------------------	--------------------------	----------------------

KVARTALSRAPPORT FOR 3. KVARTAL 2011**ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Solund kommunestyre tek 3. kvartalsrapport 2011 til etterretning slik den ligg føre med følgjande budsjettkorrigeringar:

- Auke ansvar 370, med kr. 400 000,-
- Auke inntekter på ansvar 900, med kr. 500 000,-

03.11.2011 FORMANNSKAP

Formannskapet drøfta det uheldige at 5 tilsette i stillingar innan helse og omsorg var nemnde med personlege navn i tekstdeldokumentet.

Ut frå dette tok ordførar opp om saka skal handsamast i lukka møte.

Formannskapet vedtek samrøystes at saka vert handsama i ope møte.

FELLES FRAMLEGG TIL VEDTAK I FORMANNSKAPET V//GUNN ÅMDAL MONGSTAD:

Solund kommunestyre tek 3. kvartalsrapport 2011 til etterretning slik den ligg føre med følgjande budsjettkorrigeringar:

- Auke disp.fond med kr 500.000,-
- Auke ansvar 370 med kr 400.000,-, dekkja av disp.fond.
- Redusere ansvar 271 med kr 155.000,-
- Auke ansvar 210 med kr 155.000,-

Votering:

Formannskapet sitt felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-071/11 VEDTAK:

Solund kommunestyre tek 3. kvartalsrapport 2011 til etterretning slik den ligg føre med følgjande budsjettkorrigeringar:

- Auke disp.fond med kr 500.000,-.
- Auke ansvar 370 med kr 400.000,-, dekket av disp.fond.
- Redusere ansvar 271 med kr 155.000,-.
- Auke ansvar 210 med kr 155.000,-.



SM 03-12

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Solund kommune
v/Rådmannen

6924 Hardbakke

Kopi: Ordfører
Økonomiansvarleg
Kontrollutvalet

Dykkar ref.:
Samarbeidsavtale

Vår ref.:
\tilbakehonorar2010/tf11

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
125 / 2011

Dokumentdato:
24. november 2011

ATTENDEBETALING AVREKNA REVISJONSHONORAR 2010

Det vert vist til tidlegare oversendt årsrekneskap og årsrapport for KRYSS Revisjon si drift for 2010. Vi viser også til samarbeidsavtalen og gjeldande vedtekter for vårt virke.

Samstyret har gjort vedtak om at eit samla beløp på kr. 323.755,20 skal attendebetalt til eigar-/deltakarkommunane. Dette er i tråd med *note 13* vedlagt vår årsrekneskap for 2010. Våre tenester overfor eigarane er under politisk styring og kontroll, og skjer 'non-profit-basert' og er årleg budsjettkopla, og overskott vert meddette attendebetalt til eigarkommunane.

For Solund kommune sin del utgjer til godebeløpet **kr. 13.206,86.**

Beløpet vert attendebetalt til Solund kommune ved overføring av beløpet til Dykkar konto; bankkonto nr. 3847.07.01207

Er det spørsmål til ovannemnde må De gjerne tak kontakt med underteikna.

Vi takkar for samarbeidet som har vore og håper De er tilfreds med våre tenester. Vis er fram til eit fortsatt konstruktivt og godt samarbeid kring våre revisjons- og rådgjevingstenester overfor Dykkar verksemd.

Førde den 24. november 2011
for KRYSS Revisjon
Trygve Jacobsen,
Styreleiar
(sign.)

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

SM 04-12



SEPTEMBER
2011

”NGIR selskapskontroll – Sjølvkost”

NORDHORDLAND
Revisjon IKS

Forord

Prosjektet "NGIR Selskapskontroll –sjølvkost" er utført på bakgrunn av bestilling frå kontrollutvala i NGIR IKS sine eigarkommunar.¹ Selskapskontrollen er avgrensa til forvaltningsrevisjon av sjølvkostområdet. Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Revisorane som har utført prosjektet har i forkant av oppstart vurdert sin uavhengighet i forhold til NGIR IKS og eigarkommunane, jf. kommuneloven § 79 og revisjonsforskriften kap. 6, og kjenner ikkje til tilhøve som er egna til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.

Revisjonen har hatt ein god dialog med administrasjonen i NGIR IKS, og takker for godt samarbeid i prosjektfasen.

Isdalstø, 27.09.11



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

¹ Med unntak av Solund kommune.

0 Samandrag

Nordhordland Revisjon IKS har gjort forvaltningsrevisjon av sjølvkostområdet i NGIR IKS. Revisjonen har undersøkt om NGIR har eit tilfredsstillande system som sikrar at renovasjons- og slamgebyr til privatkundar er basert på sjølvkost. Revisjonen har også undersøkt korleis styrande organ i NGIR IKS og kommunestyra i eigarkommunane sikrar at renovasjons- og slamgebyra til privatkundar er basert på sjølvkost.

Revisjonen meiner at administrasjonen i NGIR utarbeidar kalkylar for sjølvkost og utførar ein etterkalkulasjon i rekneskapen. Etter revisjonens vurdering gjer selskapet eit omfattande arbeid for å kunne fordele kostnadene på dei ulike områda på ein dokumentert måte. Det er i stor grad nytta historiske data som grunnlag, noko som etter revisjonens vurdering gir eit tilfredsstillande grunnlag for den fordelinga som er gjort. Nokre av fordelingane er også dynamiske i den forstand at det vert nytta oppdaterte historiske data ved etterkalkulasjon.

Revisjonen meiner likevel det vil vere ein fordel dersom administrasjonen utarbeidar skriftleg dokumentasjon av dei prinsippa som ligg til grunn for fordelingane. Utan dokumentasjon av fordelings- og utrekningsmetodar blir systemet sårbart, personavhengig og vanskeleg å etterprøve. Revisjonen har peika på at faktiske renteinntekter burde vore trekt ut av kalkylen og at avskrivning for ein del driftsmidlar ikkje følgjer lineær modell slik rettleiaren tilrår. Revisjonen har også peika på at faktiske renteinntekter burde vore trekt ut ved etterkalkulasjonen, og har i punkt 5.2 også nokre andre merknader til utrekningane i rekneskapen sin note 12 sjølvkost.

Styret i NGIR handsamar framlegg til budsjett og rekneskap og dermed også forkalkyle og etterkalkyle av sjølvkost. Revisjonen meiner styret også burde handsama overordna prinsipp for selskapet si handsaming av sjølvkost. Representantskapet fastset rekneskap og budsjett og dermed også forkalkyle og etterkalkyle av sjølvkost. Representantskapet bør være informert om overordna prinsipp for selskapet si handsaming av sjølvkost, og i kva grad desse prinsippa er handsama av styret. Kommunestyret i dei einsskilde kommunane fastset renovasjonsgebyra. Då renovasjonsgebyr skal vera innafor reglane for sjølvkost bør kommunestyret vurdere om informasjonen dei får frå selskapet er tilstrekkeleg til å sikre at kommunestyrevedtaket er i tråd med desse reglane.

INNHALD

0	Samandrag	3
1	Innleiing	5
1.1	Heimel for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon	5
1.2	Bakgrunn	5
1.3	Føremål	6
1.4	Avgrensing	6
1.5	Problemstillingar	6
2	Metode	6
3	Revisjonskriterium	6
3.1	Nærare om revisjonskriteria	7
3.1.1	Sjølvkostprinsippet	7
3.1.2	Styret i NGIR IKS	8
3.1.3	Representantskapet i NGIR IKS	9
3.1.4	Kommunestyra i deltakarkommunane	9
3.2	Val av revisjonskriterium	9
4	Kort om NGIR IKS	10
5	Sjølvkostkalkylar og rekneskap	10
5.1	Data	11
5.2	Vurdering	12
6	Styrande organ: fastsetting av gebyr og etterkalkulasjon	15
6.1	Data	15
6.1.1	Fastsetting av gebyr	15
6.1.2	Etterkalkulasjon – godkjenning av rekneskap	16
6.2	Vurdering	16
7	Konklusjon og tilrådingar	18
7.1	Konklusjon	18
7.2	Revisjonen si tilråding	18
8	Litteraturliste	20

1 Innleiing

1.1 Heimel for selskapskontroll og forvaltningsrevisjon

I kommuneloven § 77.5 heiter det at "Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltninga av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.". I Forskrift om kontrollutval § 14, heiter det at kontrollutvalet skal:

"påse at det gjennomføres kontroll med forvaltninga av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser i selskaper, gjør dette i samsvar med kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger."

Ansvar for bestilling er i lova lagt til kontrollutvalet. Prosjektet er eit samarbeid mellom alle eigarkommunane i NGIR IKS, med unntak av Solund kommune. I dei andre kommunane vart prosjektet bestilt i kontrollutvala våren 2010.

Selskapskontrollen kan delast i to delar: den obligatoriske eigarskapskontrollen, og ein valfri del som omfattar forvaltningsrevisjon. Eigarskapskontrollen kontrollerar korleis kommunen forvaltar sine eigarinteresser, medan forvaltningsrevisjon i større grad er ein kontroll av aktiviteten i selskapet. I 2008 utførte Nordhordland Revisjon IKS, i samarbeid med SEKOM sekretariat, ein eigarskapskontroll for NGIR IKS og eigarkommunane. Selskapskontrollen i denne rapporten er avgrensa til forvaltningsrevisjon av sjølvkostberekningane i selskapet.

Prosjektet er gjennomført med henvisning til kommuneloven § 77 nr 4 og § 78 nr 2, samt forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. § 7. Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Før igangsetting av forvaltningsrevisjonsprosjektet har revisor vurdert sin uavhengighet i forhold til eigarkommunane og NGIR IKS, jf. kommuneloven § 79 og revisjonsforskriften kapittel 6, og kjenner ikkje til forhold som er eigna til å svekke tilliten til vår uavhengighet og objektivitet.

1.2 Bakgrunn

Prinsippet om at forureinar betaler gjeld, innafor renovasjonsområdet, og det betyr m.a. at renovasjonsgebyra i kommunane skal vere basert på sjølvkost. Å sikre at renovasjonsgebyra er basert på sjølvkost er viktig av fleire grunnar. Innbyggjarane skal vere sikre på at gebyra dei betaler går til å dekke kostnadene forbundet med avfallssektoren, herunder innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll mv. NGIR IKS er også aktør i open marknad for næringsavfall. I denne delen av verksemda må selskapet dokumentere at dei konkurrerer på like vilkår med dei andre aktørane.

1.3 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet er å undersøke og vurdere om NGIR IKS har tilfredsstillande system for å sikre at gebyr på tenesteområda renovasjon og slam til privathushald er basert på sjølvkost.

1.4 Avgrensing

Revisjonen har vurdert *prinsippa* som ligg til grunn for berekning av sjølvkost. Det betyr at revisjonen ikkje har gjort detaljerte vurderingar av datagrunnlaget som ligg til grunn for fordelingsnøklane, som selskapet nyttar for å fordele inntekter og kostnader, eller rekneskapsbilaga som ligg til grunn for bokføringa.

Prosjektet er basert på NGIR sine rekneskapsdata frå 2010 og budsjetta for 2010 og 2011.

1.5 Problemstillingar

- 1) Har NGIR IKS eit tilfredsstillande system som sikrar at renovasjons- og slamgebyr til privatkundar er basert på sjølvkost?
- 2) Korleis sikrar dei styrande organ i NGIR IKS og kommunestyra i eigarkommunane at renovasjons- og slamgebyr til privatkundar er basert på sjølvkost?

2 Metode

Revisjonen hadde oppstartsmøte med dagleg leiar i NGIR IKS 23.11.10. Prosjektet er gjennomført i tråd med RSK 001 "Standard for forvaltningsrevisjon". Det presenterte datagrunnlaget er basert på analyse av NGIRs rekneskap for 2010, og budsjett for 2010/2011. Revisjonen har også intervjuet dagleg leiar, og undersøkt saksutgreiingar knytt til gebyrfastsetting i både kommunane og i NGIR IKS' styrande organ. Leiinga i NGIR IKS har ingen merknader til innhaldet i revisjonskriteria som er nytta i prosjektet.

Datainnsamlinga er avslutta i mai 2011. Førebels rapport vart sendt til NGIR IKS for uttale 06.09.11. Revisjonen mottok høyringssvar frå dagleg leiar i NGIR IKS 23.09.11. Høyringssvaret er lagt ved endeleg rapport. Revisjonen har ikkje gjort vesentlege endringar i rapporten på bakgrunn av tilbakemeldinga frå dagleg leiar i NGIR, men har kommentert desse i rapporten der det har vore aktuelt, sjå punkt 5.2.

3 Revisjonskriterium

Omgrepet revisjonskriterium viser til krav og forventningar ein kan stille til den funksjon, aktivitet eller prosedyre som er gjenstand for forvaltningsrevisjon. Det betyr at revisjonskriteria er dei krava ein måler og vurderar kommunen og selskapet sin praksis mot.

Revisjonskriteria er normalt leda ut frå lov og forskrift, samt politiske vedtak og kommunens egne retningslinjer. Revisjonskriterium vert også leia ut frå kjelder med lågare autoritet, som til dømes anerkjende tilrådingar, rettleiingar, teori eller beste praksis.

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utleia frå:

- Lov om vern mot forurensningar (forurensningsloven) og om avfall, §§ 26, 30 og 34
- H-2140 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (2003)
- Veileder om beregning av kommunale avfallsgebyr, SFT, Oslo, januar 2004
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-10
- "Anvendelse av selvkostregelverket når vann- og avløpstjenester produseres av interkommunale selskaper" (Brev frå Miljøverndep. 09.05.07)
- Spørsmål om selvkost når vann og avløpstjenestene er skilt ut som eget rettssubjekt (Brev frå Miljøverndep. 04.07.06)
- Selskapsavtale for Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (sist revidert 30.05.11)
- Forskrift om årsregnskap og årsberetning av 15.12.00
- Kommuneloven
- Uttale frå NKRF (regnskapskomiteen): "Anvendelse av selvkostregelverket når tjenesten produseres av interkommunalt selskap" – 2007/002
- Lov om interkommunale selskaper
- Norsk anbefaling eierstyring og selskapsledelse – www.nues.no 21.10.10
- Konkurransetilsynets rapport "På Like Vilkår? En Analyse av Konkurransen mellom Offentlige og Private Foretak" (1/2005).

3.1 Nærare om revisjonskriteria

3.1.1 Sjølvkostprinsippet

Forurensningsloven §§ 26 og 30 gir kommunane ei plikt til å samle inn hushaldsavfall og slam, og av § 34 går det fram at det skal skje til sjølvkost: "For avfall som kommunen har plikt til å samle inn, motta og/eller behandle etter §§ 29, 30 eller 31 må gebyret ikke overstige kommunens kostnader". Sjølvkost er i rettleiaren definert som den meirkostnad som kommunen blir påført ved å produsere ein bestemt vare eller teneste. Denne plikta til å levere tenestene til sjølvkost gjeld uavhengig av organisasjonsform, jf. brev frå Miljøverndepartementet 09.05.07 og uttale frå NKRF sin regnskapskomite – 2007/002.

"H-2140 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (2003)"² frå Kommunal- og regionaldepartementet gir detaljerte føringar for korleis sjølvkost skal bereknast. Alle kostnader som selskapet har med å utføre tenestene skal takast med. I rettleiaren er desse kostnadene delt inn i kjerneprodukt, tilleggsytningar og støttefunksjonar samt kapitalkostnader, som består av avskrivningar og kalkulerte rentekostnader.

Ved fastsetting av gebyra må det leggjast fram eit budsjett for sjølvkostområdet som synleggjer alle kostnadene, samen med dei viktigaste premissane.

Miljøverndepartementet har i brev til Nedre Romerike Distriktsrevisjon uttalt at gebyra må fastsettast uavhengig av likviditetsbehovet.³ Det betyr at sjølvkostrekneskapan ikkje skal innehalde faktiske rentekostnader/-inntekter, men kalkulerte rentekostnader/-inntekter.

² Omtala som "rettleiaren" i rapporten.

³ 04.07.06

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

I følgje rettleiaren kap 4.4 skal det nyttast lineære avskrivningar i sjølvkostberekninga, og i kap 4.5 heiter det at det skal nyttast same avskrivingsperiode som angitt i Forskrift om årsregnskap og årsberetning av 15.12.00.

Uavhengig av om investeringane er finansiert med lån eller eigenkapital, skal det reknast ein kalkulert rentekostnad, jf. kap. 4.6 i rettleiaren. Det skal nyttast ein kalkylerente som er lik effektiv rente på norske statsobligasjonar med 3 års gjenstående løpetid, med eit tillegg på 1 prosent (gjennomsnitt over året). Ved berekning av den kalkulerte rentekostnaden vil det vere naturleg å nytte gjennomsnittet av IB og UB for dei varige driftsmidlane som grunnlag. For NGIR IKS må det gjerast ei fordeling av dei varige driftsmidlane på dei ulike forretningsområda. Den fordelinga må bygge på kriterium som gjenspeglar i kor stor grad driftsmidlane vert nytta innafor sjølvkostbasert verksemd.

Kap. 5 i rettleiaren gjer greie for korleis overskott eller underskott på sjølvkostområdet skal handsamast: *"Et selvkostfond er et akkumulert overskudd som oppstår i selvkostregnskapet. Dette innebærer at det må foretas en etterkalkyle (rekneskap) etter hvert regnskapsår."*⁴ Avsette midlar på fondet skal nyttast i løpet av ein 3-5 års periode i drifta. Det skal bereknast kalkulerte renteinntekter av fondet. Rentesatsen er lik den som blir brukt ved berekning av kalkulerte rentekostnader. Renteinntektene vert lagt til fondet.

3.1.2 Styret i NGIR IKS

I § 13 i lov om interkommunale selskap står det følgjande om styret sitt ansvar:

"Forvaltningen av selskapet hører under styret, som har ansvar for en tilfredsstillende organisasjon av selskapets virksomhet. Styret skal påse at virksomheten drives i samsvar med selskapets formål, selskapsavtalen, selskapets årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsatt av representantskapet, og skal sørge for at bokføringen og formuesforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll. Styret skal føre tilsyn med daglig leders ledelse av virksomheten."

IKS-loven er utforma etter mønster frå selskapslovgivinga. I aksjeloven §§ 6-12 og 6-13 er det om lag tilsvarande krav til styret. Sidan krava til styret er om lag dei same i eit interkommunalt selskap som i eit AS, er det etter revisjonens vurdering relevant å vise til tilrådingane i *"Norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse"*.⁵

I kap 9 i *"Norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse"* heiter det:

"Etter allmennaksjeloven har styret det overordnede ansvaret for forvaltningen av selskapet og for å føre tilsyn med den daglige ledelsen og selskapets virksomhet. Med styrets forvaltningsansvar menes blant annet ansvaret for å organisere virksomheten på en forsvarlig måte, ansvaret for å fastsette planer og budsjetter for selskapets virksomhet, ansvaret for å holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og at dets virksomhet, formuesforvaltning og regnskaper er gjenstand for betryggende kontroll."

Kap 10 i *"Norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse"* omhandlar risikostyring og internkontroll:

⁴ Sjå side 30 i rettleiaren.

⁵ Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES)

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

”Styret skal påse at selskapet har god intern kontroll og hensiktsmessige systemer for risikostyring i forhold til omfanget og arten av selskapets virksomhet. (...) Anbefalingen om risikostyring og intern kontroll er en presisering av styrets tilsynsansvar. (...) Intern kontroll omfatter retningslinjer, prosesser, oppgaver, adferd og andre forhold som:

- *legger til rette for målrettet og effektiv virksomhet i selskapet og som gjør det mulig å håndtere forretningsrisiko, operasjonell risiko, risiko for overtredelse av lover og forskrifter samt annen risiko som er av betydning for oppnåelse av selskapets forretningsmål*
- *bidrar til å sikre kvaliteten på intern og ekstern rapportering*
- *bidrar til å sikre at selskapet opererer i samsvar med relevante lover, forskrifter og interne retningslinjer for virksomheten, herunder selskapets verdier og retningslinjer for etikk og samfunnsansvar.”*

Av dette følger det at styret har eit ansvar for å sjå til at selskapet vert drive i samsvar med dei lover og krav som gjeld for selskapet. Styret i NGIR bør difor forsikre seg om at verksemda vert drive i samsvar med dei krav som er til sjølvkost.

3.1.3 Representantskapet i NGIR IKS

Representantskapet skal i følge §§ 18 og 20 i Lov om interkommunale selskap vedta budsjettet for komande kalenderår og ein økonomiplan for dei neste 4 åra. Gebyr på sjølvkostområdet er ein viktig del av selskapet sine inntekter og føresetnadene for gebyrfastsetting blir difor ein viktig budsjettpremiss.

I NGIR IKS' selskapsavtale § 9 heiter det at *”representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt (jf. § 3) og i samsvar med lover, vedtekter og andre vedtak og retningsliner fastlagde av medlemskommunane”*.

Av dette utleiar revisjonen at representantskapet bør få framlagt dokumentasjon som gjer representantskapet i stand til å følge opp sitt ”sjå til ansvar” i forhold til at selskapet tilfredsstillar lovens krav om sjølvkost

3.1.4 Kommunestyra i deltakarkommunane

Det er kommunestyret som vedtar slam- og renovasjonsgebyra for innbyggjarane i kvar einskild kommune. Kommunestyret bør sikre seg at det gebyret som vert fastlagt tilfredsstillar dei krav som er til sjølvkost i forurensningsloven § 34. Kommunestyret bør få framlagt dokumentasjon som viser at kravet til sjølvkost er oppfylt, jf. kommunelovens krav i § 23.2, om at saker skal vere tilfredsstillande opplyst.

3.2 Val av revisjonskriterium

Revisjonen har utleia følgjande revisjonskriterium for sjølvkostberekningane i NGIR IKS:

- NGIR IKS skal sikre at renovasjons- og slangebyr til privatkundar er basert på sjølvkost. Det vil sei:

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

- fastsette gebyr for hushald og slam med grunnlag i forkalkyle (budsjett) som er utarbeidd i samsvar med krava i rettleiaren (H-2140).
- gjere ein etterkalkulasjon (rekneskapen) av sjølvkostrekneskapen, som er i samsvar med krava i rettleiaren (H-2140)

- Styret i NGIR IKS bør sjå til at berekning av slam- og renovasjonsgebyr er i tråd med dei krav som er til sjølvkost, både ved fastsetting av forkalkylar (budsjett) og ved etterkalkulasjon (rekneskapen).

- Representantskapet bør ved fastsetting av budsjett og godkjenning av rekneskapen for NGIR IKS sjå til at renovasjonsgebyret for privat hushald bygger på sjølvkost. Representantskapet bør få framlagt dokumentasjon som gjer representantskapet i stand til å følgje opp sitt "sjå til ansvar" i forhold til at selskapet tilfredsstillar lovens krav om sjølvkost.

- Kommunestyret bør forsikre seg om at det gebyret som vert fastlagt tilfredsstillar dei krav som er til sjølvkost i forurensningsloven § 34.

- Kommunestyret bør få framlagt dokumentasjon som viser at kravet til sjølvkost er oppfylt, jf. kommunelovens krav i § 23.2, om at saker skal vere tilfredsstillande opplyst.

4 Kort om NGIR IKS

Innsamling av avfall frå privathushald er i følgje forurensningsloven eit kommunalt ansvar. Kommunane i Nordhordland har valt å samarbeide om denne oppgåva ved å etablere det interkommunale selskapet NGIR IKS, som også er eigd av Solund og Gulen. NGIR samlar inn avfall og slam frå hushald, og utfører heile tenestekjeda frå innsamling til fakturering av renovasjonsgebyr.⁶ Kommunestyra i dei einsskilde kommunane vedtar gebyrregulativet, etter at det er handsama av representantskapen i NGIR.

I tillegg til at NGIR utfører dei lovpålagte oppgåvene for kommunane, så mottok selskapet næringsavfall og bilvrak. På desse områda opptre NGIR i konkurranse med andre aktørar på vanleg forretningsmessig basis.

I 2009 var driftsinntektene på 71,5 mill kr. Om lag 60 % av inntektene er frå drift som skal drivast i henhold til sjølvkost.

5 Sjølvkostkalkylar og rekneskap

Revisjonen har sett på datagrunnlaget for sjølvkost for rekneskapen 2009 og budsjettet for 2011.⁷ I kapittel 5 ser revisjonen nærare på administrasjonen si oppfølging av relevante krav til sjølvkost.

⁶ Med unntak for Fedje og Gulen som sjølv fakturerer gebyr.

⁷ Revisjonen har ikkje gjort detaljerte vurderingar av dei fordelingsnøkane som er nytta og korleis ein har kome fram til dei. Gjennomgangen bygger på rekneskapen og budsjettet på kontonivå. Revisjonen har heller ikkje gjort nokon vurdering av rekneskapsbilaga som ligg til grunn for bokføringa.

5.1 Data

Kostnader og inntekter i NGIR IKS er fordelt på 4 ulike område:

- Hushald
- Næring
- Slam
- Bilvrak

Administrasjonen i NGIR har fordelt kostnader og inntekter på dei ulike områda i eit rekneark. Det varierar i kva grad det er klart ut i frå kontoplan kva område inntektene og kostnadene høyrer til. Til dømes når det gjeld papir/papp/plast som er innsamla frå både hushald og verksemder, må det gjerast ei fordeling av salsinntektene på dei to områda.

På kostnadssida er lønn den største utgifta som må fordelast. Administrasjonen har eit eige ark som viser fordelingsnøklane som er nytta. Nokre av nøklane vert oppdatert med faktiske data, mens andre er meir skjønsmessig fastsett ut i frå historiske data og vert ikkje justert kvart år. Revisjonen har ikkje fått presentert annan dokumentasjon som gjer greie for fordelingsprinsippa for inntekter og kostnader på dei ulike områda.

Lønnsutgifter

Dagleg leiari har intervju dei tilsette for å anslå kor stor del av arbeidstida som vert nytta på dei ulike områda. I tillegg er der tatt omsyn til årslønn til kvar einskild når administrasjonen har berekna fordelingsnøkkel som vert nytta til å fordele kostnader som gjeld lønn og andre personell relaterte kostnader. I tillegg vert nøkkelen også nytta til å fordele kostnader som t.d. har med maskiner, utstyr og straum å gjere. Denne fordelingsnøkkelen styrer dermed ein stor del av dei kostnadene som skal fordelast.

Maskinar og utstyr

Ein stor del av maskinar og utstyr vert nytta på ulike område. Administrasjonen har fordelt desse kostnadene med utgangspunkt i korleis ein oppfattar at dei ulike investeringane vert nytta på dei ulike områda. Det er nytta timefordelinga som grunnlag, sjå avsnittet over.

Avskrivningar

I følge retningslinjene for berekning av sjølvkost (H-2140) skal det nyttast lineære avskrivningar og avskrivingsperiodar som angitt i "Forskrift om årsregnskap og årsberetning". I NGIR sine sjølvkostberekningar er det nytta både lineære avskrivningar og saldo avskrivningar. I budsjettet for 2011 er det 39 tiltak som er aktivert. Det er nytta lineære avskrivningar på 28 og saldo avskrivningar på 11 av dei. Der det er nytta lineære avskrivningar kan det sjå ut til at der nytta for høge avskrivningar på 16 av dei 28 investeringane.⁸

Avskrivningane er fordelt på dei ulike områda. Denne fordelinga er gjort på bakgrunn av korleis administrasjonen har vurdert at dei ulike investeringane vert nytta på dei ulike områda. Den same fordelinga vert også nytta når ein skal fordele verdien av varige driftsmidlar på dei ulike områda. Den verdien vert så nytta til å berekne kalkulert rentekostnad.

Kalkulert rentekostnad

I følge retningslinjene for berekning av sjølvkost, skal det bereknast ein kalkulert rentekostnad uavhengig av korleis investeringane er finansiert. Det vil vere naturleg å rekne gjennomsnittleg rentekostnad gjennom året ved å bruke (Bokført verdi 01.01(IB) + bokført

⁸ Vurdert i forhold til *Forskrift om årsregnskap og årsberetning*.

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

verdi $31.12(UB)/2$ som grunnlag. Dei ulike investeringane må fordelast på dei ulike områda og kalkulatorisk rentekostnad skal bereknast av investeringar på sjølvkostområdet. For rekneskapen i 2009 og 2010 samt budsjettet for 2011 er der berekna ein kalkulert rentekostnad. Renta som er nytta er effektiv rente på norske statsobligasjonar med 3 års gjenståande løpetid pluss eit prosentpoeng. Det er nytta UB som grunnlag for berekning av rentekostnaden. Det er ikkje berekna kalkulert rentekostnad i tidlegare år. Bokførte rentekostnad blir trekt ut i note 12 i rekneskapen.

Kalkulert renteinntekt

Dersom det er fond på sjølvkostområdet på grunn av tidlegare overskott så skal det bereknast renteinntekter på desse midlane. Her skal ein bruke same rentesats som ved berekning av kalkulert rentekostnad. Det er berekna kalkulerte renteinntekter på fondet til hushald.

Renteinntektene som NGIR IKS faktisk har i 2009 og i budsjettet for 2011 er teke med i sjølvkostberekningane. I 2009 utgjer det for hushald kr 316.595,- i renteinntekter og for slam er det kr 3.110,-.

5.2 Vurdering

Administrasjonen i NGIR utarbeidar kalkylar for sjølvkost og utførar ein etterkalkulasjon i rekneskapen. Etter revisjonens vurdering gjer selskapet eit omfattande arbeid for å kunne fordele kostnadene på dei ulike områda på ein dokumentert måte. Det er i stor grad nytta historiske data som grunnlag, noko som etter revisjonens vurdering gir eit tilfredsstillande grunnlag for den fordelinga som er gjort. Nokre av fordelingane er også dynamiske i den forstand at ved etterkalkulasjon vert det nytta oppdaterte historiske data.

Revisjonen meiner det vil vere ein fordel dersom administrasjonen utarbeidar skriftleg dokumentasjon av dei prinsippa som ligg til grunn for fordelingane. Utan dokumentasjon av fordelings- og utrekningsmetodar blir systemet sårbar og personavhengig, og vanskeleg å etterprøve. Revisjonen har ikkje gjort detaljerte vurderingar av fordelingsnøklane, men så langt revisjonen har undersøkt, synes dei å vere relevante. Vi har nokre kommentarar:

- Selskapet bør vurdere om t.d. tidsregistrering av aktivitetar knytt til dei ulike områda kan vere eit eigna verkemiddel for å gi eit endå betre grunnlag for fordelinga av lønsutgifter. Fordelingsnøkkelen for lønsutgifter styrer ein vesentleg del av kostnadene, og det er difor viktig å ha ei godt dokumentert fordeling.
- Selskapet bør ha god dokumentasjon av fordelinga av avskrivningane på dei ulike områda, då dei utgjer ein relativt stor kostnad og styrar berekninga av kalkulert rentekostnad.
- Selskapet bør innføre lineære avskrivningar for alle driftsmidlar i sjølvkostrekneskapen, samt sikre at avskrivingsperioden vert i samsvar med krav i "Forskrift om årsregnskap og årsberetning".
- I NGIR sitt høyringssvar pkt. 4 siste avsnitt er avskrivningstider omtalt: "*Etter administrasjonen si meining vil det vera mest korrekt ut i frå intensjonane i forskrifta å avskriva etter økonomisk levetid, ikkje etter avskrivningstidene som er lista opp. Det er det også gjeve opning for i forskrifta.* Det blir og peika på at lengre avskrivningstid medfører høgare rentebelasting i sjølvkostutrekninga på grunn av høgare bokført

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

verdi. Etter revisjonen si vurdering bør ein her og ta i betraktning redusert årleg avskrivning og rentefordel på denne når ein skal måle effekten av endra avskrivningstid.

Formålet med rettleiaren H-2140 er mellom anna å sikre mest mulig lik utrekning av sjølvkostgebyr i forhold til krava i forurensningslova. I rettleiaren er dette omtalt i pkt. 1.1. *Hensikten var et felles opplegg som kunne bidra til at nivået på brukerbetalingen kunne fastsettes ut fra ens prinsipper mellom kommunene og mellom betalingstjenester.* Revisjonen sitt utgangspunkt er difor at prinsippa i H-2140 bør gjelde så langt det er praktisk og forsvarleg. I rettleiaren pkt. 4.5 blir det vist til at vurdering av økonomisk levetid er relevant for private verksemder der det er krav til avkastning på innskoten kapital. Om kommunar seier rettleiaren i siste avsnitt: *I kommunene vil valg av investerings- eller reinvesteringstidspunkt sjelden alene være basert på rene kost/nyttevurderinger. Investeringer foretas like mye ut fra politiske prioriteringer som lønnsomhetskalkyler. Det bør brukes sjabloner over økonomisk levetid for ulike typer driftsmidler. Det vises her til de avskrivningstidene som går fram av §8 i Forskrift om årsregnskap og årsberetning av 15.12.2000.*

Revisjonen meiner rettleiaren her viser til avskrivningstider ut frå dei sjabloner som framgår av forskrifta § 8, 1. avsnitt. H-2140 er ein rettleiar og har dermed ikkje autoritet som lov eller forskrift. Likevel er den utarbeidd av Kommunal og Regionaldepartementet som ein felles rettleiar for gebyrutrekning og selskapet bør vurdere om mulig avvik frå denne er tilstrekkelig vurdert og grunngjeve.

- Kalkulert rentekostnad bør bereknast av eit gjennomsnitt av IB og UB, og på same måte bør det bereknast kalkulerte renteinntekter på fondet. Er fondet negativt bør det bereknast ein tilsvarende rentekostnad. På den måten vert selskapet si finansiering ikkje utslagsgivande for berekning av sjølvkost.
- Faktiske renteinntekter som selskapet har skal ikkje takast med i sjølvkostrekneskapen. Her gjeld same prinsippet som for renteutgifter i rekneskapen. I retningslinjene for berekning av sjølvkost står det at val av finansieringsform ikkje skal påverke berekninga av sjølvkost, men vere uavhengig av om investeringane er finansiert med lån eller eigenkapital. Revisjonen meiner det også må gjelde for renteinntektene. Dersom selskapet finansierer ein større andel av investeringane med lån, vil innskott i bank og tilhøyrande renteinntekter gå opp. Miljøverndepartementet har i sitt brev av 04.07.06 til Nedre Romerike Distriktsrevisjon sagt at gebyra må fastsettast uavhengig av likviditetsbehovet.
- NGIR tek i sin høyringsuttale opp spørsmålet om sjølvkostutrekningane bør inneholde den rentefordelen selskapet har ved at gebyrinntekter kjem i snitt tidlegare enn kostnadane. NGIR viser til risiko for kryssubsidiering dersom likviditetsfordelen selskapet har på sjølvkostområdet reduserer lånebehovet i næringsverksemda. Etter revisjonen si vurdering kan det vere rett å utgiftsføre ein kalkulert rentekostnad i næringsverksemda dersom likvidoverskot i monopoldelen blir nytta til drifta av næringsverksemd. Om det skal inntektsførast ein rentefordel i sjølvkostutrekning på grunnlag av dette må vurderast opp mot regelverket for sjølvkost. Revisjonen kan ikkje sjå at H-2140 stiller krav om at slik rentefordel skal inntektsførast i sjølvkostrekneskapen. Kapitalkostnader i sjølvkostrekneskapen blir i utgangspunktet handsama etter ein sjablongregel og denne vil etter revisjonens vurdering som

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

hovedregel fange opp dei rentemessige forhold som skal påverke sjølvkostrekneskapen.

Som illustrasjon på sjølvkostutrekning viser revisjonen til note 12 i rekneskapen for 2010:

Note 12 i rekneskapen 2010	Hushald	Slam
Resultat	4 584 157	660 428
Bokførte balanseverdier	988 854	17 331
Fråtrekk for bokførte rentekostnader	5 838	124
Korreksjon for alternativkostnad utjanningsfond	5 739	12 100
Sum alternativkostnad	1 000 431	29 555
Resultat fråtrekt alternativkostnad=avsetjing til fond	3 583 726	630 873

Revisjonen har vurdert note 12 og vil peike på at berekningane bør innehalde følgjande:

	Hushald	Slam
Bokført resultat	4 584 157	660 428
Bokførte finansinntekter skal trekkjast ut *	(346 849)	(6 672)
Bokførte finanskostnader skal trekkjast ut *	17 108	419
Bokført resultat utan finanspostar	4 254 416	654 174
Kalkulert rentekostnad **	(988 854)	(17 331)
Resultat sjølvkost	3 265 562	636 843

Fond 01.01.10	166 000	350 000
Årets overskot sjølvkost	3 265 562	636 843
Fond 31.12.10 før renteberegning av fond	3 431 562	986 843
Rente fond 2010 3,46% av (IB+(sjølvkostresultat/2)) ***	66 735	24 798
Fond 31.12.10 etter renteberegning	3 498 297	1 011 642

Årets disponering mot sjølvkostfond = endring i fondet frå 01.01. til 31.12.	3 332 297	661 642
--	-----------	---------

*Tek vekk faktiske renteinntekter og renteutgifter frå rekneskapen, da berekning av sjølvkost skal vere uavhengig av faktisk finansiering.

** Kalkulert rentekostnad – her er nytta same tal som i note 12, grunnlaget for berekninga bør vurderast – mellom anna nytte gjennomsnitt for IB og UB.

*** Kalkulert renteinntekt fondet – her er nytta gjennomsnitt av IB og UB som grunnlag.

Dersom avskrivningane i selskapsrekneskapen og sjølvkostrekneskapen er ulike, bør nota inkludere ei linje for korrigerering av desse, sjå kulepunktet over der det er kommentert.

Ut frå desse utrekningane er avsetning til sjølvkostfond hushald om lag kr 250 000 for høg i 2010 og tilsvarande er avsetning til sjølvkostfond slam kr 31 000 for låg.⁹

⁹ Resultatet kan verte påverka av behovet for å gjennomgå avskrivningane.

6 Styrande organ: fastsetting av gebyr og etterkalkulasjon

6.1 Data

Revisjonen har sett på korleis dei ulike organa går fram for å sikre at NGIR IKS føl dei krava som er til sjølvkost.

6.1.1 Fastsetting av gebyr

Administrasjonen legg fram eit forslag til gebyr for styret. Styret gjer eit vedtak og legg fram eit forslag til gebyrnivå for representantskapet. Ut i frå vedtak i representantskapet blir det oversendt eit forslag til kommunane om gebyrnivå som må vedtakast i kvart einiskild kommunestyre.

Styret

I styremøte 04.10.10 i sak 29/10 vart det lagt fram eit forslag til renovasjonsgebyr for 2011. Saksutgreiinga inneheld følgjande punkt:

- Bakgrunn og prinsipp for differensiering av gebyr
- Gebyrauke frå 2010 til 2011 pr abonnent – forklart kva den skuldast og det er også gjort greie for at fondet vil bli brukt opp
- Mindre gebyrauke enn budsjettert tidlegare og kva som er årsaka til det

Saksutgreiinga i sak 29/10 gir ingen oversikt over dei samla inntekter og kostnader, men desse opplysningane går fram av sak 28/10 som er driftsbudsjettet for 2011. Driftsbudsjettet er fordelt på dei ulike tenesteområda. Det kjem fram kva som er berekna sjølvkost for områda hushald og slam. Sak 28/10 seier ikkje kva føresetnadar/prinsipp som er nytta for å fordele felles kostnadar på dei ulike områda. Det er ikkje opplyst om kva den kalkulatoriske renta er budsjettert til å vere.

Sak 30/10 er administrasjonen si sakutgreiing med forslag til slamgebyr for 2011. Det er budsjettert med uendra gebyr, og det vil gi eit overskott på 260.000 som skal settast av på utjamningsfondet i 2011. Utjamningsfondet vil ved slutten av 2011 vere kr 610.000. Det står at fondet kan nyttast til å redusere framtidig gebyrauke. Det er ingen plan som viser kor tid fondet vil vere brukt opp. Rettleiaren for sjølvkost seier at avsette midlar til fond skal nyttast innan 3-5 år. Sak 30/10 seier ikkje noko om dei samla inntekter og kostnader, det går fram av sak 28/10.

Sak 31/10 er økonomiplan for 2011 – 2014. Den viser budsjettet totalt for NGIR IKS, er ikkje fordelt på dei ulike tenesteområda. Økonomiplan seier noko om forventa utvikling på gebyra, men den seier ikkje noko om sjølvkost for hushald og slam.

Representantskapet

Representantskapet hadde møte 25.10.10. Der vart det vedteke eit driftsbudsjett for 2011 i sak 14/10, renovasjonsgebyr i sak 15/10, slamgebyr i sak 16/10 og økonomiplan i sak 17/10. Sakspapira til representantskapet med styret si innstilling er dei same som styret hadde i sitt møte 04.10.10.

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

Kommunestyret

Kommunestyret skal vedta gebyra for hushald og slam for sine innbyggjarar. Det vedtaket må vere i samsvar med dei krav som er til sjølvkost.

Dagleg leiar i NGIR IKS sendte 26.10.10 eit brev til eigarkommunane med bakgrunn i representantskapen sine vedtak 25.10.10 om gebyr for 2011, med ein oppmoding om at kommunane måtte gjere vedtak om gebyrsatsar. Brevet inneheld den same saksutgreiinga som er gitt til representantskapen i sak 14/10 for renovasjonsgebyr og sak 15/10 for slamgebyr.

6.1.2 Etterkalkulasjon – godkjenning av rekneskap

Styret

Styret handsama rekneskapen for 2009 i sak 15/10 i møte 26.04.10.

I saksutgreiinga går det fram at hushaldsavfall hadde eit overskott på kr 548.000 og slam eit overskott på kr 916.000 i 2009. Samla hadde NGIR eit overskott etter skatt på kr 3.502.000. Ved godkjenning av rekneskapen vart det nytta kr 213.000 frå utjammingsfond hushald og sum etter disposisjon var kr 166.000. Det vart avsett kr 922.000 til utjammingsfond slam, og sum etter disposisjon var kr 350.000.

	Rekneskap 2009	Avsetning(+)/- bruk av fond (-)	SUM fond etter disp.
Hushaldsavfall	548 000	-213 000	166 000
Slam	916 000	922 000	350 000
SUM	1 464 000	709 000	516 000

Note 12 - Alternativkostnad I rekneskapen er det ein berekning som viser korleis administrasjonen har kome fram til avsetning og bruk av fond.

	Hushald	Slam
Resultat	kr 547 572	kr 916 050
- Bokførte balanseverdier ¹⁰	kr 753 033	kr 14 924
- Fråtrekk for bokførte rentekostnader	kr (6 168)	kr (72)
- Korreksjon for alternativkostnad utjammingsfond	kr 14 061	kr (21 221)
Sum alternativkostnad	kr 760 926	kr (6 369)
Resultat fråtrekt alternativ kostnad = avsetning til fond	kr (213 354)	kr 922 419

Representantskapet

Representantskapet godkjente rekneskapen i møte 31.05.10 i sak 04/10. Sakpapira var dei same som til styret i sak 15/10.

6.2 Vurdering

Fastsetting av gebyr

Revisjonen vil understreke at vurderinga bygger på dei saksdokumenta som er sendt ut frå NGIR IKS og referata frå dei ulike organa. Revisjonen kan ikkje utelukke at det er lagt fram meir informasjon enten skriftleg eller munnleg i møta, eller at det er etterspurt meir

¹⁰ Kalkulert rentekostnad er redusert med bokførte finansinntekter.

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

informasjon som ikkje går fram av referata. Revisjonen legg til grunn at sakspapira er tilstrekkeleg utgreidd, slik at dei ulike styringsorgana kan fylle den rolla dei er sett til.

Styret skal mellom anna sjå til at NGIR IKS held seg innafor det regelverket som gjeld for sjølvkost. Ettersom selskapet også har ein relativt stor aktivitet i konkurranse med andre aktørar, er det viktig for selskapet å ha ein god dokumentasjon på at sjølvkostområda ikkje vert subsidiert av den konkurranseutsette delen av verksemda. Motsatt vil det vere viktig å ha dokumentasjon på at verksemda ikkje subsidierer den konkurranseutsette delen med inntekter frå sjølvkostområda. Revisjonen meiner difor det er viktig at styret er kjent med prinsippa for fordeling av inntekter og kostnader, og at styret gjer ei sjølvstendig vurdering av desse. Til dømes vil det vere viktig å ha eit godt grunnlag for fordelinga av lønnsutgiftene som er ein stor og viktig kostnad.

For slam er det budsjettert med eit overskott som vil auke fondet. Revisjonen meiner at saksutgreiinga burde sagt noko om tidsperspektiv for bruken av fondet, slik at ein sikrar seg at selskapet innfrir kravet om at dei må nyttast innan 3 - 5 år. Dette kan gjerne vera eit tema i økonomiplan slik at denne viser sjølvkost på dei to områda og ikkje berre sannsynleg utvikling av gebyra.

Representantskapet bør ha ein dokumentasjon som synleggjer på ein tydelegare måte at dei gebyra som vert vedtekne skjer med grunnlag i sjølvkost. Dei viktigaste prinsippa for fordelinga bør gå fram av saksutgreiinga.

Kommunestyrt bør få framlagt saksdokument som gjer dei i stand til å vurdere om gebyra dei er oppmoda om å vedta skjer med grunnlag i sjølvkost. Det er kommunestyret som er ansvarleg for dei gebyra som vert vedtekne i den einskilde kommune og at dei er i samsvar med krava til sjølvkost. Revisjonen er usikker på om den dokumentasjon som kommunestyra får tilsendt frå NGIR IKS for å gjere vedtak om gebyr, er tilstrekkeleg utgreidd til å gjere kommunestyret i stand til å vurdere om gebyra vert fastlagt med grunnlag i sjølvkost.¹¹

Etterkalkulasjon – godkjenning av rekneskap

Ved godkjenning av årsrekneskapen er det note 12 som viser korleis sjølvkost er berekna. Revisjonen har i kap 5.2 peika på nokon konkrete endringar som bør vurderast for at berekninga skal vere i samsvar med krava til sjølvkost.

¹¹ Basert på vurdering av fastsetting av gebyr i 2010.

7 Konklusjon og tilrådingar

7.1 Konklusjon

Administrasjonen i NGIR utarbeidar kalkylar for sjølvkost og utførar ein etterkalkulasjon i rekneskapen. Etter revisjonens vurdering gjer selskapet eit omfattande arbeid for å kunne fordele kostnadene på dei ulike områda på ein dokumentert måte. Det er i stor grad nytta historiske data som grunnlag, noko som etter revisjonens vurdering gir eit tilfredsstillande grunnlag for den fordelinga som er gjort. Nokre av fordelingane er også dynamiske i den forstand at det ved etterkalkulasjon vert nytta oppdaterte historiske data.

Revisjonen meiner likevel det vil vere ein fordel dersom administrasjonen utarbeidar skriftleg dokumentasjon av dei prinsippa som ligg til grunn for fordelingane. Utan dokumentasjon av fordelings- og utrekningsmetodar blir systemet sårbart, personavhengig og vanskeleg å etterprøve. Revisjonen har peika på at faktiske renteinntekter burde vore trekt ut av kalkylen og at avskrivning for ein del driftsmidlar ikkje følgjer lineær modell slik rettleiaren tilrår. Revisjonen har også peika på at faktiske renteinntekter burde vore trekt ut ved etterkalkulasjonen, og har i punkt 5.2 også nokre andre merknader til utrekningane i rekneskapen sin note 12 sjølvkost.

Styret handsamar framlegg til budsjett og rekneskap og dermed også forkalkyle og etterkalkyle av sjølvkost. Revisjonen meiner styret også burde handsama overordna prinsipp for selskapet si handsaming av sjølvkost.

Representantskapet fastset rekneskap og budsjett og dermed også forkalkyle og etterkalkyle av sjølvkost. Representantskapet bør vere informert om overordna prinsipp for selskapet si handsaming av sjølvkost og i kva grad desse prinsippa er handsama av styret.

Kommunestyret i dei einskilde kommunane fastset renovasjonsgebyra. Då renovasjonsgebyr skal vera innafør reglane for sjølvkost bør kommunestyret vurdere om informasjonen dei får frå selskapet er tilstrekkeleg til å sikre at kommunestyrevedtaket er i tråd med desse reglane.

7.2 Revisjonen si tilråding

- Prinsippa for berekning og fordeling av inntekter og kostnader bør i større grad vere dokumentert.
- NGIR IKS bør vurdere om tidsregistrering kan vere eit eigna verkemiddel for å betre dokumentasjonsgrunnlaget.
- Berekning av kapitalkostnader/-inntekter i sjølvkostberekningane skal skje uavhengig av faktiske rentekostnader/-inntekter.
- NGIR IKS bør sikre at avskrivningane er i tråd med regelverket.
- Saksutgreiinga til dei ulike styringsorgana i NGIR IKS bør vise korleis ein kjem fram til sjølvkost. I saksutgreiinga bør også dei viktigaste prinsippa for berekning og fordeling komme fram. Det bør også opplysast om korleis den kalkulerte rentekostnaden/-inntekta er berekna og bakgrunn for den renta som er nytta. Dette gjeld både ved fastsetting av gebyr og ved etterkalkulasjon når rekneskapen vert godkjent.

**Forvaltningsrevisjon sjølvkost
NGIR IKS 2011**

- Administrasjonen i NGIR IKS bør vurdere om saksutgreiinga som vert sendt til kommunane i samband med gebyrfastsetting i kommunestyret, gir tilstrekkeleg informasjon til å sette kommunestyret i stand til å vurdere om gebyra vert fastlagt i samsvar med dei krava som er sett til sjølvkost. Revisjonen vil tilrå at kommunestyret får informasjon om korleis selskapet gjennom sine formelle organ, har sikra at framlegg til gebyr er i samsvar med reglane om sjølvkost.

8 Litteraturliste

- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-10
- Forskrift om årsregnskap og årsberetning av 15.12.00
- Lov om vern mot forurensninger (forurensningsloven) og om avfall
- H-2140 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (2003)
- Kommuneloven
- Konkurransetilsynets rapport "På Like Vilkår? En Analyse av Konkurransen mellom Offentlige og Private Foretak" (1/2005).
- Lov om interkommunale selskaper
- Miljøverndepartementet (2007) "Anvendelse av selvkostregelverket når vann- og avløpstjenester produseres av interkommunale selskaper" (Brev frå Miljøverndep. 09.05.07)
- Norsk anbefaling eierstyring og selskapsledelse – www.nues.no 21.10.10
- Veileder om beregning av kommunale avfallsgebyr, SFT, Oslo, januar 2004
- Selskapsavtale for Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (sist revidert 30.05.11)
- Spørsmål om selvkost når vann og avløpstjenestene er skilt ut som eget rettssubjekt (Brev frå Miljøverndep. 04.07.06)
- Uttale frå NKRF (regnskapskomiteen): "Anvendelse av selvkostregelverket når tjenesten produseres av interkommunalt selskap" – 2007/002



Høyringsuttale til "NGIR Selskapskontroll – Sjølvkost"

Administrasjonen i NGIR har nokre synspunkt kring dei ulike punkta under pkt. 7.2 Revisjonen si tilråding.

1. *Prinsippa for berekning og fordeling av inntekter og kostnader bør i større grad vere dokumentert.*

Administrasjonen i NGIR meiner fordelingane mellom ulike kostnader er godt dokumentert i excelarka som utgjer budsjettet og rekneskapen. I reknearka er det formlar som viser til andre rekneark som underbyggjer historiske kostnader, mengder, etc. Der ligg det også ein god del tekstar som på detaljnivå syner kva vurderingar som er gjort og korleis ein kjem fram til ulike kostnader, men tekstane er primært laga for internt bruk, og kan vera vanskeleg tilgjengeleg for eksterne personar.

Revisjonen meiner likevel det vil vere ein fordel dersom administrasjonen utarbeidar skriftleg dokumentasjon av dei prinsippa som ligg til grunn for fordelingane. Utan dokumentasjon av fordelings- og utrekningsmetodar blir systemet sårbart, personavhengig og vanskeleg å etterprøve. (side 15)

Administrasjonen er samd med revisjonen i at dokumentasjonen er personavhengig og kan vera vanskeleg å etterprøva utan rettleiing frå administrasjonen. Revisjonen har fått den rettleiing dei har etterspurt. Dokumentasjonen av fordelingar går fram av mange detaljar, men administrasjonen ser at det kan vera ei føremon om ein hadde skrifteleggjort meir i overordna form og ikkje berre på detaljnivå då det då både vil verta mindre personavhengig og lettare for utanforståande å skjønna samanhengane. Dette vil administrasjonen arbeida med.

2. *NGIR IKS bør vurdere om tidsregistrering kan vere eit eigna verkemiddel for å betre dokumentasjonsgrunnlaget.*

Administrasjonen i NGIR har tidlegare vurdert dette og funne det ikkje hensiktsmessig utifrå ein kost/nytte perspektiv, men vil vurdere det på nytt.

3. *Berekning av kapitalkostnader/-inntekter i sjølvkostberekningane skal skje uavhengig av faktiske rentekostnader/-inntekter.*

Avsetninga for 2010 vil verta endra i samsvar med tilrådinga frå revisjonen. Det bør likevel vurderast om ikkje renteinntektene NGIR får fordi inntektene frå hushaldskundane i snitt kjem før kostnadene, burde kome hushaldskundane til gode. Dersom ein følgjer tilrådinga til revisjonen, er det næringskundar som nyt godt av desse renteinntektene frå hushaldskundane og det vil kunna vera i strid med prinsippet

om å ikkje krysssubsidiere. Dersom prinsippet om bruk av kalkulatorisk rente skal gjelda for all finansiering, så bør ein kanskje drøfta om ein skal berekna ei kalkulatorisk renteinntekt på denne likviditetskapitalen.

4. *NGIR IKS bør sikre at avskrivningane er i tråd med regelverket.*

I følge rettleiaren kap 4.4 skal det nyttast lineære avskrivningar i sjølvkostberekninga, og i kap 4.5 heiter det at det skal nyttast same avskrivingsperiode som angitt i Forskrift om årsregnskap og årsberetning av 15.12.00. (side 5).

Her vert det teke opp 2 punkt: Avskrivingsmetode og avskrivningstid

Avskrivingsmetode

I pkt. 4.4 i H-2140 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (2003) vert avskrivingsmetodar drøfta. Der vert saldoavskrivningar vurdert som kostnadsriktig og anvendbar (slik lineære avskrivningar også vert), men vert vurdert som mindre eigna fordi "det er lite som tilsier at verdifallet på kommunale anleggsmidler er størst i første del av levetiden". I NGIR sitt tilfelle har mange anleggsmidler (særleg oppsamlingseiningar som konteinrarar, dunkar etc.) størst verdifall i byrjinga, slik at saldoavskrivningar gjev eit rettare bilete av verdi til ei kvar tid enn lineære avskrivningar.

For kundane vil det vera ei føremon om dei anleggsmidla NGIR i dag avskriv saldomessig vert avskrive lineært då det over tid vil gje lågare kalkulatorisk rente. Administrasjonen vil endra avskrivningane i sjølvkostkalkulasjonen slik at alle avskrivningar heretter vert lineære.

Avskrivningstid

Revisjonen viser til avskrivningstider i Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner):

I Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) heiter det i § 8:

Kommunen og fylkeskommunen kan legge til grunn en kortere avskrivningsperiode for det enkelte anleggsmiddel, dersom det er åpenbart at den økonomiske levetiden til anleggsmidlet er kortere enn de fastsatte avskrivningsperiodene

Jamnt over er den økonomiske levetida for NGIR sine anleggsmiddel lågare enn dei som er oppgjeve i § 8 i Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner).

Nokre døme på dette er:

- Gjenvinningsstasjonen i Knarvik skulle etter § 8 truleg hatt 50 års avskrivningstid, NGIR avskreiv den over 20 år i tråd med forventa levetid, men måtte nedskriva den etter vel 10 år. NGIR kan ikkje leggja til grunn at dei andre gjenvinningsstasjonane skal vera funksjonelle i 50 år, truleg er også 20 år i meste laget.
- Anleggsmaskiner skal etter § 8 ha 10 års avskrivningstid, NGIR avskriv dei over 5 år. Den økonomiske levetida ligg som regel ein plass i mellom, nokre tilfelle 10-12 år, nokre tilfelle 3-5 år.

- Lagerbygg, administrasjonsbygg skal etter § 8 ha 50 års avskrivningstid. Endringar i avfallsutvikling, sorteringsordningar etc. siste åra gjer at NGIR ikkje tør å forventa at slike konstruksjonar har ei økonomisk levetid på 50 år, dei vert avskrive over 20 år.

Prinsippet i Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) og Veileder om beregning av kommunale avfallsgebyr er m.a. at ein skal unngå krysssubsidiering og sikra at kostnadene som vert tillagt gebyret er mest mogleg korrekt. Dersom ein slavisk skal følgja avskrivingsåra som står i § 8 i Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) vil kundane til NGIR subsidiera næringskundane fordi dei betalar for mykje i kalkulatorisk rente når reell økonomisk levetid er kortare enn dei fastsette avskrivningstidene.

Døme: NGIR investerer 10 mill i eit lagerbygg som berre er tiltenkt hushaldsavfall. Økonomisk levetid er 20 år. Då vert evt. restverdi nedskrive til 0. Ved 50 års avskrivningstid vil hushalda måtta betala litt over 2 millionar kroner meir i kalkulatorisk rentekostnad enn ved avskrivningstid lik den økonomiske levetida. Desse pengane vil koma næringskundane til gode ved at ein kan ta opp mindre lån til næringsinvesteringar på 2 millionar kroner.

Å følgja avskrivningstidene slavisk slik det vert oppmoda til, vil i NGIR sitt tilfelle føra til ei subsidiering av næringskundane, noko som er i strid med intensjonane. Etter administrasjonen si meining vil det vera mest korrekt ut i frå intensjonane i forskrifta å avskriva etter økonomisk levetid, ikkje etter avskrivningstidene som er lista opp. Det er det også gjeve opning for i forskrifta.

5. *Saksutgreiinga til dei ulike styringsorgana i NGIR IKS bør vise korleis ein kjem fram til sjølvkost. I saksutgreiinga bør også dei viktigaste prinsippa for berekning og fordeling komme fram. Det bør også opplystast om korleis den kalkulerte rentekostnaden/-inntekta er berekna og bakgrunn for den renta som er nytta. Dette gjeld både ved fastsetting av gebyr og ved etterkalkulasjon når rekneskapen vert godkjent.*

Dette skal verta innarbeidd i saksdokumenta til styret og representantskapet. Utfordringa vil vera å finna eit høveleg nivå på mengde informasjon som gjer styret og representantskapet i stand til å ivareta sine forpliktingar. Det ville difor vore ynskjeleg om revisjonen kunne bistå med å finna døme frå eigarkommunane våre (på andre sjølvkostområde) på kva som er tilstrekkeleg og forståeleg informasjon for at styrande organ kan gjera ei sjølvstendig vurdering av t.d. "prinsippa for fordeling av kostnader og inntekter", slik at administrasjonen i NGIR kan finna eit høveleg nivå på informasjonsmengda og detaljrikdomen.

6. *Administrasjonen i NGIR IKS bør vurdere om saksutgreiinga som vert sendt til kommunane i samband med gebyrfastsetting i kommunestyret, gir tilstrekkeleg informasjon til å sette kommunestyret i stand til å vurdere om gebyra vert fastlagt i samsvar med dei krava som er sett til sjølvkost. Revisjonen vil rå til at kommunestyret får informasjon om korleis selskapet gjennom sine formelle organ, har sikra at framlegg til gebyr er i samsvar med reglane om sjølvkost.*

Administrasjonen ser at saksutgreiinga som vert sendt til kommunane i samband med gebyrfastsetting i kommunestyret, ikkje gjev tilstrekkeleg informasjon til å setja kommunestyret i stand til, på eit sjølvstendig grunnlag, å vurdere om gebyra vert fastlagt i samsvar med dei krava som er sett til sjølvkost. Me er usikre på kor mykje informasjon som bør vera med i saksutgreiinga og også her kunne det vera ynskjeleg med bistand til å finna døme på saksutgreiing i eigarkommunane våre (på andre sjølvkostområde) som inneheld tilstrekkeleg og god informasjon og som NGIR kan ta lærdom av.


Kjevikdalen, 23.09.11


Øystein Lilletvedt

Dagleg leiar

SM 05-12

SOLUND KOMMUNE



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	039/11	26.05.2011	SOLOSL

Avgjerd av: Saksansv .: Sollaug Steinsund Osland	Arkiv: K1-033 Objekt:	Arkivsaknr 11/242
---	--------------------------	----------------------

Skriv og melding

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	11/1345	I	04.04.2011	Hafs Regionråd	REFERAT FRÅ MØTE I HAFS REGIONRÅD 09.03.2011
2	11/1346	I	03.05.2011	Hafs Regionråd	GEOLOGISPROSJEKT HAFS
3	11/1397	I	24.05.2011	SEKOM sekretariat	KONTROLLUTVALET SI SAK 009/11 ORIENTERING UTLÅN

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

26.05.2011 FORMANNSKAP

Skriv nr 3 Kontrollutvalet si sak 009/11 Orientering utlån, vart utdelt i møtet.

Det var ingen merknad til skriv og melding.

FOR-039/11 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

003/11 OPPLÆRING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 09.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.01.2012	003/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- E-post frå ordførar.
- Invitasjon til dagsseminar/kurs på Skei Hotell 23.01.2012.

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt).

www.fkt.no

www.nkrf.no

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet har som intensjon å delta på folkevaldopplæring for kommunestyret 24. – 25. januar 2012.
- Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei 23. januar 2012.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPLÆRING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Opplæring av kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Det er ikkje fastsett krav i lov eller forskrift til kva kompetanse eller erfaringsbakgrunn kontrollutvalsmedlemmene skal ha.

Solund kommune har opplyst at dei skal ha følgjande folkevaldopplæring opplæring:
- Opplæring for kommunestyret 24. – 25. januar 2012.

Kontrollutvalet er invitert til opplæringa.

23. januar vil det bli halde opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Skei hotell i regi av dei tre kommunale revisjonsselskapa i fylket.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) kontrollutvalskonferanse med målgruppe kontrollutvala og sekretariata for kontrollutvalet. I 2012 vert denne arrangert 6. og 7. juni i Trondheim. Kontrollutvalet i Solund er medlem av FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen i høve til ikkje.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande konferanse 1. og 2. februar 2012 på Gardermoen.

NKRF tilbyr elles ulike kurs og konferansar inn mot ulike emne innan kontroll og tilsyn.

KRD har gjeve ut ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet, kontrollutvalsboka. Boka vert levert ut på møtet. Rettleiaren ligg også på heimesida til Sekom-sekretariat; www.sekom.no.

På heimesida til Sekom-sekretariat ligg elles sentrale lover, forskrifter, retningsliner og publikasjonar. Det er også tilgang til alle innkallingar og møtebøker i kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område og lenkje til Norsk kommunerevisorforbund - NKRF, Forum for Kontroll og Tilsyn - FKT, Kommunenes Sentralforbund - KS, Kommunal- og Regionaldepartementet KRD og heimesidene til eigarkommunane til Sekom-sekretariat.

Sekom-sekretariat gjennomfører ein presentasjon av selskapet, om møterutinar og om ansvaret og oppgåvene til kontrollutvalet i møtet.

Kontrollutvalsleiar i førre valperiode, Inger Lexander, er invitert til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekom-sekretariat vurderer det som nytting for kontrollutvalet å delta på folkevaltopplæringa for Solund kommunestyre. Det vil her få kjennskap til både administrativ og politisk oppbygging av organisasjonen i tillegg til innføring i sentralt lovverk.

Sekom-sekretariat vurderer det som viktig at kontrollutvalet deltek på fylkeskonferansen på Skei hotell. Denne vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver.

15.12.2011 KOMMUNESTYRE

FRAMLEGG FRÅ SP V/GUNN ÅMDAL MONGSTAD:

Representantar kontrollutval 2011 – 2015;

Leiar: Rune Steinsund
Nestleiar: Heidi Sanden
Medlem: Steinar Krakhellen

Vararepresentantar kontrollutval 2011 – 2015;

1. Bjarte Engevik
2. May-Britt Tangenes
3. Hans I Steinsund

Votering:

SP sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

KOM-059/11 VEDTAK:

Representantar kontrollutval 2011 – 2015;

Leiar: Rune Steinsund
Nestleiar: Heidi Sanden
Medlem: Steinar Krakhellen

Vararepresentantar kontrollutval 2011 – 2015;

4. Bjarte Engevik
5. May-Britt Tangenes
6. Hans I Steinsund

Eg kan elles nemne at det vert folkevaldopplæring for kommunestyret 24.-25.januar, og kontrollutvalet er velkomne til å delta på denne.

Med beste helsing,

Ole Gunnar Krakhellen
Ordførar

Tlf. 57786206/92648081
www.solund.kommune.no

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 7. desember 2011 10:32
Til: Krakhellen Ole Gunnar
Emne: Kontrollutvals Solund

Vi viser til samtale Krakhellen/Tveit tidlegare i haust. Er det noko nytt vedrørande val av kontrollutval?

Med helsing



SOGN OG FJORDANE KOMMUNEREVISORFORENING

Invitasjon til dagsseminar/kurs Tilsyn og kontroll i kommunal sektor

Tid og stad:

23. januar 2012, Skei Hotel, kl. 09:30 – 16:00

Påmeldingsfrist:

9. des. 2011

Pris : kr. 1 150,- (+ evt. overnatting rom/frokost frå 22.01.: kr. 895,-)

Forelesarar : Tidlegare medlemmer av Kontrollutval, representant frå politisk leiing, administrasjonssjef og revisorar

Målgruppe : Medlemmer av kontrollutval, ordførar, rådmenn, kommunalsjefar/rådgjevarar, rekneskapsansvarlege, økonomisjefar, revisorar

Innhald:

(Førebels program)

09:30 – 10:00 : Registrering, noko å bite i, kaffi og tea

10:00 – 12:00 : Lover og forskrifter om tilsyn og kontroll i kommunane (m/oppgåver og ansvar, politikk, administrasjon, tilsyn)

12:00 – 13:00 : Lunsj

13:00 – 13:30 : Orientering frå ein tidlegare kontrollutvalsleiar

13:30 – 14:00 : Orientering frå ein ordførar (kontrollutvalet er Kommunestyret/Fylkestinget sitt organ – kva vert forventa ?)

14:00 – 14:20 : Kaffi, med noko å bite i/fruktfat

14:20 – 15:20 : Forvaltningsrevisjon:

14:20 – 14:50, Generelt om forvaltningsrevisjon

14:50 – 15:10, Presentasjon av "case", lite prosjekt

15:10 – 15:20, Presentasjon av "case", større prosjekt

15:20 – 15:30 : Pause

15:30 – 16:00 : Informasjon om organisasjonar som arbeider med forhold som kan ha noko å seie for tilsyn og kontroll i kommunane

Sogn og Fjordane Kommunerevisorforening ønskjer deg vel møtt til kurs. Ver vennleg og bruk vedlagte påmeldingsblankett eller bruk e-post ved påmelding (terje.forde@kryssrevisjon.no)

Leder: **Ingvar Linde** Tlf.: **57 65 63 39**
Kasserer: **Torill Monsen** **57 84 50 29**
Sekretær: **Terje Førde** **57 82 48 02**

Mob: **95 06 29 28**
99 73 64 76
99 22 92 27

E-post: Ingvar.Linde@sf-revisjon.no
revisor@vagsoy.kommune.no
terje.forde@kryssrevisjon.no

004/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I SOLUND

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	18.01.2012	004/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Solund kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I SOLUND

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal takast til vitande av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Solund kommunestyre

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Solund kommune har i år 2011 vore samansett slik:

Perioden 1. januar til 15. desember 2011:

Medlemer:

Anne Grethe Furrevik (leiar)
Sølvi Songstad Waage (nestleiar)
Vegard Steinsøy

Varamedlemer:

Sissel Steinsøy
Otto Einen
Egil Rong

Perioden 15. desember til 31. desember 2011:

Medlemer:

Rune Steinsund (leiar)
Heidi Sanden (nestleiar)
Steinar Krakhellen

Varamedlemer:

Bjarte Engevik.
May-Britt Tangenes
Hans I Steinsund

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Solund hatt tre møte der det er handsama i alt 19 saker. Etter planen skulle kontrollutvalet ha fire møte, men det siste møtet vart avlyst då nytt kontrollutval valt i samsvar med kommunelova § 77 nr 2 ikkje vart valt av kommunestyret før 15. desember 2011.

"Kontrollutvalet har i 2010 tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet "Oppfølging av vedtak i Solund kommune". Frist for levering var i 2011. Rapport for prosjektet er forventa levert i 2012.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt i 2011:

- Ombygging vaskeri/kjøkken Solundheimen.
- ENØK
- Nytt ventilasjonssystem Solundheimen.

Kontrollutvalet har i 2010 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn administrasjonen for å orientere om saker. Såleis har administrasjonen vore i kontrollutvalet og orientert om følgjande:

- Utlån frå Solund kommune.

Kontrollutvalet har også handsama følgjande saker:

- Møteplan for kontrollutvalet 2011.
- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet.
- Rapportar forvaltningsrevisjon og selskapskontroll – Fullmakt frå kontrollutvalet til å leggje ut på heimesida til FKT.
- Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Solund den 18.januar 2012

Rune Steinsund
Leiar

Heidi Sanden
Nestleiar

Steinar Krakhellen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I SOLUND 2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 09.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	18.01.2012	005/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2012.
- Møtekalender for Formannskap og kommunestyre 2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Solund for 2012 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I SOLUND 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Solund for 2012.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL SOLUND KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	18.				22.					3.		5.
FORMANNSKAP	26.		8.	19.	10.31.			30.	27.		1./29.	
KOMMUNESTYRET		2.	22.							4.		18.



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	096/11	15.12.2011	ERIASK
KOMMUNESTYRE	087/11	15.12.2011	ERIASK

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-033 Objekt:	Arkivsaknr 11/582
---------------------------------	--------------------------	----------------------

MØTEPLAN FOR FORMANNSKAP OG KOMMUNESTYRE 2012

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek slik møteplan for 2012:

Formannskap:

26.01

08.03

19.04

10.05

31.05

30.08

27.09

01.11

29.11

Felles formannskap HAFS

11.01.2012

Fagdag folkevalde

Opplæring folkevalde

Kommunestyre:

02.02

22.03

04.10

18.12

12.01.2012

24.-25.01.2012

15.12.2011 FORMANNSKAP

ORDFØRAR SITT TILLEGGSRAMLEGG:

Ordfører, i samråd med formannskapet, får fullmakt til å gjere heilt naudsynte endringar i møteplanen.

Voteringer:

Det vart først røysta over administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak.

Framlegget vart samrøystes vedteke med tillegg av kommunestyremøte 14.06.2012.

Deretter vart det røysta over ordfører sitt tilleggsframlegg.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

FOR-096/11 VEDTAK:

Solund kommunestyre vedtek slik møteplan for 2012:

Formannskap:

26.01

08.03

19.04

10.05

31.05

30.08

27.09

01.11

29.11

Felles formannskap HAFS

11.01.2012

Fagdag folkevalde

Opplæring folkevalde

Kommunestyre:

02.02

22.03

14.06

04.10

18.12

12.01.2012

24.-25.01.2012

Ordfører, i samråd med formannskapet, får fullmakt til å gjere heilt naudsynte endringar i møteplanen.

006/12: OVERORDNA ANALYSE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM-sekretariat
Dato: 09.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.01.2012	006/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg:**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OVERORDNA ANALYSE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Saka gjeld utarbeiding av overordna analyse som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015.

Saksopplysningar:

Overordna analyse er heimla i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektor og virksomheter.

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 - 2015. Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse. Overordna analyse har som føremål å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og å prioritere mellom ulike område der det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei nyttigaste forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte. Den overordna analysen har altså som føremål å sikre god og nyttig forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I samtalar mellom KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat er det avklart at KRYSS-revisjon vil ta på seg arbeidet med overordna analyse.

Sekretariatet sine vurderingar:

007/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 SOLUND

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 09.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	18.01.2012	007/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Solund.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2011 SOLUND

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 22.09.11

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2012 - Solund.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Solund kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
06/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	11.02.09		Informasjon frå einingane. Kvartalsrapportar som skriv og melding. Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding. Orientering frå revisor. Kvalitetsrapportar revisor vedrørande Solund. Årleg orientering byggjerekneskapar.
Sak 03/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – oppfølging av vedtak i Solund kommunetingingsdokument	11.02.10	Frist 28.02.2011	15.12.09: Vedtak kst om å avslutte gml prosjekt 03.02.10: Brev t KYRSS om å avslutte gml prsjkt 11.02.10: Vedtak KU – godkjent tingingsdok. 11.02.10: s. tinging til KRYSS-revisjon. 14.04.10 moteke førebels gjennomføringsplan.
Sak 11/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Oppfølging av vedtak i Solund kommune" – førebels gjf.pl.	20.05.10	Levering feb 2011	14.04.10 Motteke førebels gjf.pl. 20.05.10 Teke til vitande 24.05.11 Munnleg oppdatering frå KRYSS. Arbeidet starta. Skrivinga gjenstår. 09.01.12 Bede om status frå KRYSS-revisjon.
022/10 Orientering om eigarskap i selskap – eigarskapsstrategi.	16.11.10		16.11.10: Vedtak KU – Kontrollutvalet tek til vitande administrasjonen si orientering om at kommunen har starta arbeidet med eigarskapsstrategi for selskap kommunen eig eller er medeigar i.
08/11 Skriv og meldingar	24.05.11		24.05.11 Vedtak KU – Teke til vitande
09/11 Orientering om utlån til ulike føremål og garantiar knytt til desse.	24.05.11		24.05.11 Tilråding til kst. – Kst ber om at det vert gjort ein gjennomgang av retningslinene for næringslån. Kst ber om at det vert lagt fram sak snarast etter kommunestyrevalet. 24.05.11 s. kst. 16.06.11 Vedtak kst sak 024/11 – Teke til vitande.
10/11 Årsrekneskapen 2011 – Solund kommune	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 027/11
11/11 Prosjektrekneskap – Ombygging vaskeri/kjøkken Solundheimen.	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 028/11
12/11 Prosjektrekneskap – ENØK.	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 029/11
13/11 Prosjektrekneskap – Nytt ventilasjonsanlegg Solundheimen.	24.05.11		24.05.11 Fråsegn til fmsk og kst. 24.05.11 s. kst 16.06.11 Vedtak kst sak 030/11
016/11 Skriv og meldingar	30.09.11		30.09.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
017/11 Budsjett for kontroll og tilsyn 2012	30.09.11		30.09.11 Tilråding til kst. 03.10.11 s. kst.
018/11 Oppfølgingsliste 3-2011 – Solund.	30.09.11		30.09.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
019/11 Eventuelt.	30.09.11		30.09.11 Det vart ikkje teke opp saker.
001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	18.01.12		
002/12 Skriv og meldingar	18.01.12		
003/12 Opplæring	18.01.12		
004/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.	18.01.12		

005/12 Møteplan 2012	18.01.12			
006/12 Overordna analyse	18.01.12			
007/12 Oppfølgingsliste 1-2012	18.01.12			
008/12 Eventuelt	18.01.12			

Oppdatert 09.01.2012

008/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat
Dato: 09.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.01.2012	008/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.